



DET KONGELIGE
OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENT

Adressatar etter eige liste

Vår ref
03/00538-8

Dato
6 JUL 2007

Klage på NVE sitt vedtak om fornying av anleggskonsesjonar til Otra Kraft DA

I

Otra Kraft DA søkte 08.11.2002 om fornying av sine anleggskonsesjonar. Bakgrunnen for søknaden var at dei gamle konsesjonane alle hadde utløp 01.01.2004. Dei omsøkte anlegga ligg i Aust-Agder, Vest-Agder og Telemark fylke. Anlegga omfattar kraftliner med nominell spenning 132 kV og 66 kV, kraftverk med tilhøyrande elektriske anlegg, koplingsstasjonar og kjøpte nettanlegg i Bygland og Fyresdal.

Anlegga si plassering skal vere som vist på kart vedlagt konsesjonssøknaden merka "Otra Kraft DA 132 kV linje Brokke – Knardalsstrand November 2002", "Otra Kraft DA 132 kV linje Brokke – Senumstad Februar 2003", Otra Kraft DA 132 kV linje Senumstad – Fjære 132 kV linje Senumstad Lund November 2003" og "Otra Kraft DA 66 kV linje Holen – Breive November 2002".

NVE ga den 24.02.2003 konsesjon slik som Otra Kraft hadde søkt om med unntak av Otra Kraft DA sin del av Einangsmoen transformatorstasjon i Fyresdal der Vest-Telemark Kraftlag framleis skal ha driftsansvar for heile anlegget. Anleggskonsesjonen gjeld til 01.01.2033.

Vedtaket av 24.02.2003 vart påklaga av tre grunneigarar og Valle kommune. Klagane gjeld 132 kV kraftlina frå Brokke kraftverk i Valle kommune til Senumstad koplingsstasjon i Birkenes kommune ved kryssinga av Setesdalen og ved Førevatn, samt kraftlina frå Holen kraftverk til Breive pumpestasjon i Bykle kommune.

Olje- og energidepartementet var på synfaring og heldt møte saman med klagarane og representantar for Otra Kraft DA på Førevann, Brokke og Breive 15.10.2004. På møtet og synfaringa på Brokke og Breive deltok i tillegg ein representant for fylkesmannen i Aust-Agder.

Departementet valde å utsetje handsaminga av fornya konsesjon for Brokkelina til det var avgjort om det var naudsynt med ei ny 420 kV nettførsterking for Statnett frå Skåreheia til Holen. Departementet ønskte å sjå dei to linene i samanheng fordi traseen til den planlagde 420 kV lina i all hovudsak vil parallellførast med Brokkelina frå Skåreheia til Brøkke.

Den 09.01.2006 oppmoda Statnett departementet om å ta opp att arbeidet med handsaminga av 420 kV linja frå Skåreheia til Holen. Handsaming av fornya konsesjon for Brokkelina har funne stad i samanheng med 420 kV lina frå Skåreheia til Holen.

II

Klagarane har i det vesentlege framført fylgjande:

Førevatn

Kåre Usterud klaga i udatert brev mottatt av NVE den 10.03.2003. Usterud er eigar av grunn i området der Førevatn hyttegrend ligg gjennom selskapet Førevann Eiendom AS. Alle hyttene har festa tomt. Usterud driv med aktiv utvikling i området. Det er planlagt utbygging av hytter i området.

Dersom det viser seg at Brokkelina får forlenga konsesjon med nye 30 år i eksisterande trasé og den nye 420 kV kraftlina til Statnett vert bygd, vil mange hytter kome mellom to kraftliner. Det vil vere uråd å få utnytta fleire tomter i eit område ved to slike kraftliner. Avstanden mellom linene vil vere ca 500 – 1000 meter i det området det ligg hytter.

Brokkelina går i tillegg nær fleire av hyttene. Departementet bør i si vurdering av om kraftlina bør leggest om, ta omsyn til "føre var prinsippet".

Usterud viser til at Brokkelina estetisk sett er særskjemmande. Kraftlina er i tillegg ca dobbelt så brei som vanlege doble 132 kV kraftliner slik dei vert bygde i dag.

Førevann Velforening ved Birger Olav Berg klaga i brev frå 08.03.2003. Velforeninga viser til at foreninga gjennom grunneigaren fekk opplyst at Otra Kraft DA i løpet av 2003 ville søke om fornya konsesjon for Brokkelina. Velforeninga rekna då med at NVE ville sende søknaden på høyring, mellom anna til Førevann Velforening, før vedtak vart fatta. Ei slik høyring fann aldri stad og velforeninga meiner difor at NVE har gjort ein saksbehandlingsfeil som har ført til at vedtaket er fatta på feil grunnlag.

Velforeninga viser til handsaminga av Statnett si planlagde 420 kV kraftline, og at Førevann Velforening den gongen kravde at 420 kV kraftlina måtte leggest utanom hytteområdet, samt at også Brokkelina skulle flyttast etter. Velforeninga peiker på at

NVE den gongen sa at ein ikkje kunne handsame flytting av Brokkelina før konsesjonen til Otra Kraft DA løp ut 01.01.2004.

Velforeninga forstår at det kan vere urimeleg om Otra Kraft DA skal bere heile rekninga for å flytte ei kraftline som er i god forfatning. Under synfaringa av 420 kV kraftlina saman med Statnett vart det diskutert og kome til semje om at ein del av kostnaden ved ei slik flytting burde betalast av Statnett, og at dette burde nedfellast som vilkår for Statnett sin konsesjon for ny 420 kV line.

Velforeninga krev difor at det stillast krav om flytting av Brokkelina til same trasé som ny planlagd 420 kV line.

Kryssing av Setesdalen

Valle kommune klaga i brev frå 13.03.03 er knytt til kryssinga av Setesdalen ved Brokke kraftstasjon. I tillegg framførte kommunen sine meiningar under synfaringa.

Kommunen meiner at Brokkelina må leggest i jordkabel frå Brokke koplingsstasjon i ei lengde på ca 5 km.

Kommunen viser til at Brokkelina er estetisk skjemmaende og at lina tar livet av mange skogsfugl.

Valle kommune krev at det no vert satt som vilkår for fornyinga at transportbehovet skal ivaretakast av Statnett si planlagde 420 kV kraftline og at også denne må leggjast som jordkabel ved kryssing av dalen om denne vert realisert.

Kraftlinja frå Holen til Breive

Kåre Åge Breive klaga i brev frå 10.06.2003 gjeld fornyinga av konsesjon for kraftlina frå Holen kraftstasjon til Breive pumpestasjon i Bykle kommune. Breive meiner dagens kraftline er særskjemmande i landskapet. Kraftlina er og til hinder for fuglelivet samstundes som den er plassert i eit området som er ein viktig trekkveg for viltet.

På synfaringa møtte grunneigarane Kåre Åge Breive, Trygve Breive, Per Torleif Tveiten og Kåre Lund opp ved Hartevatn. Dei meiner at kraftlina bør leggest som kabel i Hartevatn. Dei er alle grunneigarar på nordsida av Hartevatn.

Grunngjevinga er at kraftlina tek livet av mykje storfugl. Samstundes har dei merka seg at elg og rein er meir varsam med å ferdast i området langs kraftlina enn det som var tilfellet før den vart bygd ut. I tillegg er den særskjemmande i det opne landskapet over 700 meter over havet.

III

Olje- og energidepartementet vil på grunnlag av dokumenta i saka og det som kom fram på synfaringa den 15.10.2004 koma med fylgjande merknader:

Departementet vil første peike på at eit forvaltningsorgan ikkje har plikt etter forvaltningslova § 25 til å ta stilling til alle merknader frå ein part. Departementet vil ta for seg dei sentrale merknadene frå klagarane og det som elles er naudsynt for å grunnngje avgjerda.

Når det gjeld NVE sin manglande høyring av Otra Kraft DA sin søknad om fornying av konsesjon for anlegga, viser departementet til energilova § 2-1 sjuande ledd som slår fast at offentlege organ og andre som tiltak direkte gjeld, skal få søknaden sendt til uttale. Slik høyring kan unnlatast når det finnes ubetenkelig. Departementet vil peike på at denne saka gjeld fornying av konsesjon for eksisterande anlegg. Ingen nye grunneigarar eller interesser vert påført nye ulemper. Departementet meiner at dette er forhold som normalt vil gjere det "ubetenkelig" å unnlate høyring i tråd hovudregelen. Departementet har på den andre sia forståing for at handsaminga av Statnett si planlagde 420 kV kraftlinje, kunne tilseie at søknaden vart sendt på høyring.

Klageprosessen har gjennom høyring, møte og synfaring i alle høve retta opp eventuelle feil ved fyrsteinstansen si handsaming.

Førevatn

Det ligg føre særst tungtvegande grunnar for å flytta kraftlina. Departementet legg her monaleg vekt på uttalen frå Froland kommune, og viser til omsynet til landskap og friluftsliv rundt hytteområdet.

Departementet føreset at Otra Kraft i samarbeid med Statnett flytter dagens Brokkeline ved Førevatn slik at den parallellførast med ny 420 kV line.

Dersom Statnett og Otra Kraft DA ikkje vert samde om korleis og på kva vilkår flytting skal skje skal saka leggst fram for NVE for avgjerd. Den endelege planen om flytting skal leggst fram for NVE før flytting kan skje.

Det visast til vedtak av dags dato knytt til ny 420 kV line frå Skåreheia til Holen.

Kryssing av Setesdalen ved Brøkke

Statnett søkte i september 2006 om å byggje ein ny 420 kV transformatorstasjon ved Brøkke kraftverk i lenginga av eksisterande 132 kV koplingsanlegg. Verknaden av dette tiltaket er at ein kan rive ein av dobbeltkurslinene mellom Brøkke og Bjørgedal. Det er i Bjørgedal at Knardalstrandtraseen og Senumstadtraseen skil lag. Det vert då naudsynt å byggje eit nytt 132 kV koplingsanlegg med skillebrytararrangement. Statnett søkte difor om løyve til bygging av eit slikt anlegg. Koplingsanlegget er del av vilkåra som er pålagt Statnett i vedtak av i dag knytt til ny 420 kV lina frå Skåreheia til Holen. Otra Kraft DA skal eige og drive anlegget. Etter at koplingsanlegget er bygd ferdig, må difor Otra Kraft DA søkje om å få overført anleggskonsesjonen for dette anlegget.

Det visast til vedtak av dags dato knytt til ny 420 kV line frå Skåreheia til Holen.

Kraftlinja til Breive pumpestasjon

Etter departementet si vurdering må det ligge føre sær s tungtvegande grunnar for at ei fortsatt funksjonell kraftline med monaleg restlevetid vert kravd flytta eller lagt i kabel ved fornya konsesjon, og då ut i frå ei avveging av fordelar og ulemper knytt til ei slik endring. Spørsmålet kan ikkje berre knytast til utløpet av konsesjonstida.

Departementet kan ikkje sjå at det no ligg føre slike tungtvegande grunnar av omsyn til miljøet sett i samanheng med kostnadene for kabling. Dersom det vert ein framtidig trong for å byggje nytt anlegg, vert det naudsynt med ny konsesjon. Klagarane kan då ta opp att kravet om ein kabel i Hartevatn.

Departementet vil på grunnlag av det overståande ikkje ta klaga frå Breive til fylgje.

Klagene har delvis førd fram. Olje- og energidepartementet stadfester NVE sitt vedtak frå 24.02.2003 med følgjande endringar:


- *Ved Førevatn skal Brokkelina flyttast til same trase som ny planlagd 420 kV line frå Skåreheia til Hølen. Planen skal godkjennast av NVE før anleggsarbeida tek til.*
- *Ved kryssing av Setesdalen skal ein av dobbeltkurslinene mellom Brokke og Bjørgedal rivast.*

Departementet si avgjerd er endeleg og kan ikkje påklagast vidare, jfr forvaltningslova § 28 tredje ledd fyrste punktum.

Etter fullmakt



Per Håkon Høisveen
ekspedisjonssjef



Trond Ulven Ingvaldsen
underdirektør

Kopi:

NVE m/retur av sakens dokumenter
Pb 5091 Majorstuen
0301 OSLO